

Årsmelding for Bitcoinpolitisk Institutt Noreg 2025-26

1. Innleiing

Bitcoinpolitisk Institutt Noreg vart etablert 18. januar 2025. På skipingsmøtet på Mesh i Oslo møtte over 100 menneske. Desse personane vart der valde som styremedlemer:

- Svein Ølnes, styreleiar
- Håkon Sandbakken, nestleiar
- Jens Asp
- Ole Emil Augland
- Bjørn Kienholz Bjercke
- Andreas Harding
- Haakon Nilsen
- Silvija Seres
- Lotte Skolem
- Runar Tonheim
- Raymond Øverlie
- Christian Skjelbred (vara)
- Ådne Sæverud (vara)

Andreas Schjønhaug vart vald til kasserar for BPI på skipingsmøtet òg. Hausten 2025 auka aktivitetsnivået til BPI monaleg. Den 15. august byrja Morten Søberg i stillinga som generalsekretær. (Fram til utgangen av 2025 brukte Søberg også arbeidstid i Noregs Bank i samband med vervet som stortingsvald medlem av Noregs Banks representantskap. BPI vart kompensert for denne tidsbruken av

sentralbanken.) Jens Asp vart 26. november tilsett i ei administrativ deltidsstilling (opptil 20 pst.) i BPI. Han gjekk då ut or styret i BPI.

Denne årsmeldinga er strukturert på fylgjande vis: Fyrst – i bolk 2 – vert det gjort greie for aktivitetane til Bitcoinpolitisk Institutt Noreg sidan oppstarten. Dinest omtalar årsmeldinga administrative og organisatoriske forhold – inkludert informasjon om medlemstal, styremøte og arbeidsutvalsmøte. Den fjerde og siste delen av årsmeldinga inneheld opplysningar om medieomtale, ulike BPI-initiativ og bitcoin-relatert samarbeid med forskjellige aktørar/institusjonar.

2. BPI-aktivitetar

2.1. «Grunnarbeid»

- Vinteren og våren 2025 vart nettsidene til BPI formgjevne, lanserte og etter kvart oppdaterte med nytt materiale og nyheiter, jf. www.bpinorge.no.
- Signal-grupper vart våren 2025 oppretta og gjort tilgjengelege for BPI-medlemer.
- Sommaren 2025 vart det gjennomført ei medlemsundersøking for å kartleggja interesser og forventningar til drifta av BPI.
- Under Arendalsuka 2025 var BPI arrangør for ein panelsamtale om kryptoutvinning i Noreg. Problemstillinga var som fylgjer: «Bitcoin-mining i Norge – for vanskelig å forstå, for lett å forby?» Debatten samla aktørar frå politikk, energi, teknologi og næringsliv: Ingvild Kjerkol – stortingsrepresentant (Ap), Torbjørn Bull Jenssen – dagleg leiar i K33, Silvija Seres – teknologigründer, Sturle Sunde – Bitmynt, Anne Sagstuen Nysæther –

Elvia, Anders Lie Brenna – journalist/redaktør og Marius Opheim Thomassen, Høgskolen Kristiania – ordstyrar.

2.2. Satoshi-samtalar

Frå og med hausten 2025 har BPI arrangert ei rekkje Satoshi-samtalar på Litteraturhuset i Oslo. Meininga med desse samtalane har heile vore todelt:

- Medverka til merksemd rundt bitcoin; gjera bitcoin ålment interessant ved hjelp av innlegg og panelsamtalar om bitcoin som både kulturelt, monetært og politisk fenomen
- Sakte, men sikkert hjelpa til med å etablera Bitcoinpolitisk Institutt-arrangement som ein møteplass og gjera BPI kjent overfor stadig fleire «eksterne» personar, institusjonar og miljø.

Nedafor fylgjer ei kronologisk oversikt over Satoshi-samtalar med opplysningar om problemstilling/tema og gjester:

27. august 2025: Fløgstad + bitcoin = sant?

Deltakarar: Kjartan Fløgstad, Heming H. Gujord og Morten Søberg (ordstyrar).

Omtale av arrangementet: Kva meiner Kjartan Fløgstad om bitcoin? Inneber bitcoin ei ny form for samfunnskritikk?

Kjartan Fløgstad har skrive side opp og side ned om gruvedrift – på Svalbard, i Latin-Amerika og så bortetter. Bitcoin representer ein «hypermoderne» type

gruvedrift: Mynting av nye bitcoin skjer som eit resultat av «mining» og «proof of work». Men medan klassiske gruvearbeidarar i mange land var leiande i arbeidet for retten til å organisera seg og stod i spissen for ei rekkje sosiale reformer, er den samfunnsmessige rolla til bitcoin i skrivande stund noko meir ... uklår.

Fløgstad og Heming H. Gujord – professor ved Universitet i Bergen og forfattar av FLØGSTAD VERK. Skriftprosessar. Produksjonslinjer. (Samlaget, 2018) møtte nyttilsett generalsekretær Morten Søberg for å diskutera gruvedrift og samfunnsendingar før og no.

25. september 2025: Bitcoin på Løvebakken?

Deltakarar: Ivar Vigenes (First House) og Morten Søberg (ordstyrar).

Omtale av arrangementet: Får stortingsvalet fylgjer for mynting og skattlegging av bitcoin? Korleis driva bitcoin-lobbyisme?

Bitcoin vann på sett og vis det amerikanske presidentvalet i 2024: USA fører no den mest bitcoin-venlege politikken i verda. Kva med Noreg? Kven av stortingsrepresentane er mest for og mot bitcoin? Like viktig framover: Korleis kan Bitcoinpolitisk Institutt Noreg og andre bitcoin-interesserte aktørar medverka til fornuftig og kunnskapsbasert bitcoin-politikk i den komande stortingsperioden?

18. november 2025: Eidsvollsmennene og bitcoin

Deltakarar: Ola Mestad (Universitetet i Oslo), Sturle Sunde (Bitmynt), Ingvild Kjerkol (First House) og Morten Søberg (ordstyrar).

Omtale av arrangementet: Norske politikarar vil forby mynting av bitcoin. Grunnlovsfedrane ville derimot ha næringsfridom.

Grunnlovparagraf 101 (oppheva i 2014) knesette prinsippet om næringsfridom i Noreg. Kvifor var eidsvollsmennene opptekne av dette? Kvifor og korleis vert fenomenet bitcoin ramma av at næringsfridomen ikkje lenger har grunnlovsvern?

17. desember 2025: Kva er bitcoin egentleg?

Deltakarar: Klaus Johan Myrvoll (Københavns Universitet), Nikolai Gobel (DNB) og Morten Søberg (ordstyrar).

Omtale av arrangementet: Bank of England meiner at bitcoin primært er ei MYNTEINING; "a unit of account". Alle pengar er det.

Pengar har namn. Mange monetære nemningar (mynteiningar) viser til vekt, jf. (britiske) pund. Og lire, sjølvsagt - som kjem av det latinske ordet libra; pund, vekt. Kva særmerkjer namn på ulike typar pengar, og kva er spesielt med bitcoin i så måte? Og er ikkje val av namn på pengar - definisjonen av mynteiningar i land - fyrst og fremst eit politisk og ikkje eit teknologisk spørsmål?

14. januar 2026: Bitcoin: gull verdt?

Deltakarar: Svein H. Gullbekk (Universitetet i Oslo), Lars Fredrik Øksendal (Universitetet Innlandet) og Morten Søberg (ordstyrar).

Omtale av arrangementet: Før stod pengestellet støtt på ein gullmyntfot. Er bitcoin digitalt gull og vår tids gullstandard?

Det er tankevekkjande korleis tenkinga rundt pengar, pengepolitikk og pengestell skifter med tida og tilhøva. I Noreg har vi - i korte trekk - gått frå sylv via gull til skir tillit til lovverk og institusjonar - og så frå fast til flytande valutakurs kombinert med såkalla inflasjonsstyring. Men historia er ikkje over. Og bitcoin aktualiserer nygamle tankar rundt djupe og tidlause pengemessige problemstillingar. Meir konkret: Kvifor har gull spelt ei så viktig pengepolitisk rolle? Kor vellukka var eigentleg gullstandarden i si tid? Og korleis er bitcoin eventuelt relevant i denne samanhengen framover?

11. mars 2026: Bitcoin-ragnarok???

Deltakarar: Peder Østbye (Noregs Bank), Torbjørn Bull Jenssen (K33) og Morten Søberg (ordstyrar).

Omtale av arrangementet: Kjem kvantedatamaskinar og fallande bitcoin-produksjon til å øydeleggja verdas største kryptovaluta?

Stadig fleire hevdar at kvantedatamaskinar utgjør ein trussel for alle former for kryptering, og somme seier at mellom 20 og 50 prosent av eksisterande bitcoin-myntar er i faresonen for å verta hacka/stolne. "Samstundes" meiner til dømes Bank of England at bitcoin på sikt er verdt null og niks fordi "miners" etter kvart ikkje vil få tilstrekkeleg betalt for arbeidet sitt med å sikra bitcoin-nettverket når

produksjonen av nye bitcoin tek slutt. Kva skjer med bitcoin i framtida? Er eit veritabelt ragnarok eit sannsynleg utfall?

12. mars 2026: Er Bitcoin en miljøversting eller energiløsning?

Deltakarar: Håkon Sandbakken og Jens Asp (begge BPI).

Omtale av arrangementet: Bitcoinsk filmfestival *light* pluss samtale om bitcoin-mining.

Eksklusiv visning av filmen Dirty Coin: A Bitcoin Mining Documentary på Vega Scene. Filmen omhandlar den kontroversielle debatten rundt bitcoin-mining.

Regissør Alana Mediavilla utfordrar etablerte sanning om bitcoins miljøpåverking, og viser korleis industrien kan fungera som ein katalysator for forbetringar i global energiinfrastruktur.

Etter filmen: samtale mellom Sandbakken og Asp om norsk politikk vedrørende bitcoin-mining.

16. april 2026: Kva er ein bitcoin verdt?

Deltakarar: Vetle Lunde (K33), Harald Magnus Andreassen (SpareBank 1 Markets), Peter C. Warren (investor), Kaja Vagle (CryptoClarity AS) og Morten Søberg (ordstyrar).

Omtale av arrangementet: Ein bitcoin kostar i dag cirka 700 000 kroner. Kvifor? Og kva påverkar bitcoin-kursen framover?

Før i tida meinte mange forståsegpåarar at humla eigentleg ikkje skulle kunna fly. Humla var for tung og vengene for små. Enkelte hevdar "på liknande vis" at også bitcoin ikkje skal vera verdt verken kroner eller øre. Men det er òg feil. Spørsmålet er korleis og kvifor bitcoin faktisk har verdi målt i annan valuta - og kva som skjer med bitcoin-kursen inn i framtida.

Planlagd Satoshi-samtale 6. mai 2026: Bitcoin og Friedrich Hayek!

Deltakarar: Jonas Boulifa (MdG, Stortinget), Håkon Sandbakken (BPI Norge), Ola Innset (Universitetet i Oslo) og Morten Søberg.

Omtale av arrangementet: Hayek fekk Nobelprisen i økonomi i 1974. Skriftene hans om pengar og stat leier tankane til bitcoin.

Hayek var (mildt sagt) skeptisk til statleg kontroll med pengar i stort og særleg pengeproduksjon. Han tok til orde for "avnasjonalisering" av pengestellet og såg føre seg konkurranse mellom ulike private pengar/pengeprodusentar. Ikkje minst var han sterk tilhengjar av stabil kjøpekraft / minimal inflasjon. Kva hadde han meint om bitcoin, skal tru? Representerer bitcoin langt på veg det Hayek såg på som alternativ til statleg monetær dominans og kontroll?

2.3. Satoshi Nakamoto-årstalen

Den tradisjonelle og ikkje minst tradisjonsrike årstalen til sentralbanksjefen skriv seg attende til 1922 og er ei storhending i norsk offentlegheit. I regelen vert denne

talen holden den andre torsdagen i februar, og sidan 1986 har talen hatt tittelen «Økonomiske perspektiv».

Den 11. februar 2026, dagen før sentralbanksjefen tok ordet, arrangerte BPI tidens første Satoshi Nakamoto-årstale i storfelte lokale hos Nasjonalbiblioteket i Oslo. Arrangement var ope og gratis for alle interesserte. Hovudtalar var Thomas Eichenberger, Chief Strategy Officer i Sygnum Bank i Zürich. Han var invitert til å førelesa om «use cases for bitcoin in Western economies», og gjorde såleis for ein fullsett sal.

Sygnum Bank medverka aktivt til merksemd om Satoshi Nakamoto-årstalen gjennom talrike innlegg på sosiale medium både før og etter sjølve talen. I samband med Eichenberger sitt Oslo-opphald fasiliterte BPI dessutan ei møte mellom Sygnum Bank-mannen og DNB, K33 og Finans Norge.

Satoshi Nakamoto-årstalen er etter alle solemerke ei nyvinning internasjonalt. Det høyrer med til saga – bokstaveleg talt – at sentralbanksjefen i sin tale dagen etter omtalte både bitcoin og Satoshi Nakamoto, om enn «i forbifarten». Meininga med Satoshi Nakamoto-årstalen var og er derimot ein offentleg tale om samspelet mellom pengar, teknologi og samfunn: eit både folkeleg og intellektuelt supplement til årstalane på Bankplassen. Eit anna sjangerkrav: BPI la vekt på at talaren skulle vera utlending; med internasjonale erfaringar og perspektiv.

Nasjonalbiblioteket filma Satoshi Nakamoto-talen på profesjonelt vis. Han er tilgjengeleg på YouTube (<https://www.youtube.com/watch?v=0q2kmQuA5PE&t=4s>) og er i skrivande stund truleg den mest kringkasta av norske bitcoin-arrangement.

BPI sendte hausten 2025 ein omfattande og gjennomarbeidd søknad til Fritt Ord om økonomisk støtte til å arrangera Satoshi Nakamoto-årstalar over ein tidsperiode på tre år frå og med 2026. Søknaden førte ikkje fram, men vart til sjuande og sist ei nyttig øving med tanke på å klårgjera BPI sine ambisjonar, sjangerkrav og mål med dette innovative årstaleinstituttet.

2.4. Stortingsarbeid

Vinteren 2026 har BPI hatt kontakt med alle parti på Stortinget; i Stortingets finanskomiteé. Målet med denne samfunnskontakten har vore tredelt:

- i. Informera om kva Bitcoinpolitisk Institutt Noreg er og arbeider med, jf. auka forståing for bitcoin i det norske samfunnet
- ii. Opplysa om bitcoin som pengeeining, betalingsmiddel og verdioppbevarar
- iii. Lodda interessa for bitcoin-relaterte politikkidear og fylgja opp med politikknorat

BPI har hatt møte med stortingsrepresentantar og/eller politiske rådgjevarar frå Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Miljøpartiet Dei Grøne, Senterpartiet og Venstre. Høgre takka nei til møte.

Desse partia pluss Kristeleg Folkeparti, SV og Raudt sine fraksjonar i finanskomiteen har dinest fått tilsendt likelydande tosiders notat (på bokmål) med fylgjande hovudinnhald:

Politikknotat om Oljefondet og bitcoin

Hovedpoeng:

- a) Oljefondet eier (indirekte) stadig mer bitcoin.
- b) Både allmennheten og Norges forhold til USA er tjent med transparent rapportering av Oljefondets indirekte investeringer i bitcoin.
- c) Stortinget kan oppfordre til slik åpenhet i forbindelse med behandlingen av Fondsmeldingen.

Politikknotat om Folketrygdfondet og bitcoin

Hovedpoeng:

- d) Gjennom Folketrygdfondet og Statens pensjonsfond utland har Norge ervervet bred og dyp kompetanse hva gjelder investeringer i tradisjonelle aktivaklasser som aksjer og obligasjoner.
- e) Den tsjekkiske sentralbanken investerer i bitcoin og andre digitale aktiva for å høste erfaring. Luxembourgs statlige fond har allokert 1 prosent av kapitalen til bitcoin.
- f) Stortinget kan be regjeringen om at for eksempel Statens fond i Tromsø allokterer en mindre sum til investeringer i ymse digitale aktiva – inkludert bitcoin – for å øke kunnskapen om nye investeringsmuligheter internasjonalt.

Fraksjonane til Arbeidarpartiet og Framstegspartiet har (etter særskilt behandling av dette notatet i arbeidsutvalet) i tillegg fått oversendt eit tredje innspel:

Politikknotat om pengepolitisk interpellasjon til finansministeren

Hovudpoeng:

- g) Grunnlova lærer at det høyrer Stortinget til å «føre oppsyn med pengestellet i riket».
- h) Sidan 1814 har dette pengestellet vorte digitalisert og de facto privatisert.

- i) Stortinget kan stilla ein interpellasjon til finansministeren om pengestelletts utvikling i Noreg.

2.5. Andre arrangement; føredrag; podcast

- Kurs i Oslo i regi av Satoshi Consult om sikker lagring av bitcoin 13. september 2025.
- Digitalt medlemsmøte 18. januar 2026 med styreleiar Svein Ølnes, generalsekretær Morten Søberg og Jens Asp.
- Folkemøte på Litteraturhuset i Bergen 22. januar 2026. Tittel: Treng vi bitcoin? Paneldeltakarar: Hans K. Mjelva (kommentator i Bergens Tidende), Jørung Rong (banksjef i Voss sparebank) og Morten Søberg (ordstyrar).
- Kurs i Oslo om trygg bitcoin-lagring i regi av Haakon Nilsen 26. mars 2026.
- Kurs om bitcoin og skatt i regi av Reese Legal 8. april 2026.
- Føredrag om bitcoin (i vid tyding) av Morten Søberg på Protestfestivalen i Kristiansand (17. september 2025), for Senterungdommen (27. september 2025), Tekna (9. oktober 2025), Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo (seminar om den skandinaviske myntunionen) (16. oktober 2025), Noregs Bank (17. desember 2025), BI (26. januar 2026), NTNU (19. februar 2026).
- Podcastar der Bitcoinpolitisk Institutt Noreg har vore tema: En og tyve tanker (16. mai 2025), Mímir & Marsdal (22. mai 2025), Refleksjonsrommet (26. september 2025), Finanslunsj hos Finans Norge (21. november 2025), Polypod frå Polyteknisk forening (21. november), Bitcoinsnakk (29. november 2025) og Globusrulett («En bitcoinreise verden rundt med Morten Søberg», 12. januar 2026).

- Planlagt markering av «pizzadagen» 22. mai i samarbeid med Riften Labs, PizzaDAO og <nerdekollektivet> i Oslo. BPI-medlem Jakob Notland held innlegg om «urideane» til Satoshi Nakamoto.

2.6. Nyheitsbrev

Frå og med primo november 2025 har BPI annakvar veke sendt ut nyheitsbrev til ei mailingliste med om lag 400 mottakarar. Nyheitsbrev er signerte generalsekretæren, inneheld i gjennomsnitt om lag 10 000 teikn, men innhaldet er sjølvstøtt det avgjerande: Nyheitsbrev formidlar på systematisk vis arrangement og gjeremål i regi av BPI, jf. Satoshi-samtalar, samfunnskontakt og meir. Dei kommuniserer såleis på regelmessig basis til medlemmer og andre interessentar korleis BPI posisjonerer seg som ein aktør i norsk ålmente og som ein tenkjetank for bitcoin i Noreg. Dei ikkje berre fungera som informasjon, men som – samla sett – eit strategisk dokument for å byggja ei norsk bitcoin-offentlegheit.

3. Organisatoriske forhold

Sidan etableringa av BPI fram til og med 4. mai 2026 vil det ha vore seks styremøte og sju møte i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet har bestått av styreleiar, nestleiar og generalsekretær. Jens Asp møtte fast fram til tilsetjinga av generalsekretær, og har i regelen møtt etter dette også, då utan stemmerett. I tillegg har kasserar Andreas Schjønhaug møtt etter behov – særleg knytt til handsaming av økonomiske saker. Frå og med hausten har BPI som regel hatt eksterne gjester på styremøta: representantar for DNB, K33, NBX og Norlend. Tanken har vore å

bruka styremøta på dette viset til både å knyta kontaktar og gjera BPI betre kjent i relevante miljø.

I samarbeid med BPI-medlem Magnus Jones har BPI hatt nyttig kontakt med Skatteetaten og fått avklart relevante økonomisk forhold vedrørende statusen til BPI som ideell organisasjon med skattefritak og ymse forhold i samband med betaling av medlemskontingent og gjeving av gåver i bitcoin. Administrasjonen har også samarbeidd med vekslingstenesta Bare Bitcoin for å sikra at nettopp (del-)finansiering av drifta med (særleg anonyme donasjonar av) bitcoin ikkje påfører BPI omdømmerisiko.

Gjennom vinteren og våren har administrasjon og styret jobba medvite med sikte på å sikra finansiering av vidare drift. Gjennom kontakt med medlemsmassen, enkeltpersoner og bedrifter har BPI fått inn ca. 1,78 btc, inkl. prosjektstøtte frå HRF. Jens Asp har initiert og leidd arbeid med søknad om støtte frå Human Rights Foundation til eit prosjekt for bitcoin-utdanning retta mot norske avgjerdstakarar. Den 1. april vart det kunngjort for all verda at BPI får overført bitcoin tilsvarande ein verdi av 75 000 USD til dette arbeidet, som skal vera avslutta innan utgangen av mars 2027.

I skrivande stund har BPI 89 betalande medlemmer. På X har BPI vidare 1024 fylgjarar, 333 på LinkedIn og 123 på Facebook.

4. Samarbeid, ulike initiativ og medieomtale

- Styreleiar og generalsekretær hadde i september 2025 møte med BPIs bankforbindelse Luster Sparebank og med Bitmynt ved Sturle Sunde. I tillegg

hadde dei møte om bitcoin-mynting i Jostedalen og samtale med representantar for vitskapsenteret i Kaupanger for å sondera moglegheitene for eit samarbeid om utstilling om blokkjedeteknologi og bitcoin.

- Generalsekretæren hadde rundt månadsskiftet januar/februar 2026 eit arbeidsopphald hos BPI i USA. BPI Noreg tok då initiativ til eit fellesmøte med diplomatar frå både den norske og tyske ambassaden i Washington, D.C. Generalsekretæren gjorde då greie for Oljefondets indirekte investeringar i bitcoin (basert på underlagsmateriale frå K33).
- I samband med Noregs Banks representantskaps studietur til Singapore i oktober 2025, besøkte generalsekretæren bankane DBS og Sygnum Bank og hadde møte om deira satsing på bitcoin. Dette vart rapportert om i eige nyheitsbrev.
- BPI har oppretta kontakt med Centre for alternative finance, University of Cambridge; skal vera representert på den irske konferansen Bitcoin Ireland i Dublin ultimo mai 2026: kontakt, invitasjon til årsmøte; har hatt møte med Rachel Geyer, leiar for European Bitcoin Energy Association; har kome med bitcoin-relevante innspel til 1000-årsmarkeringa i Trondheim i 2030; har hatt kontakt med sikte på å få til fleire bitcoin-arrangement under Kåkånomics-festivalen i Stavanger i oktober 2026.
- Bitcoinpolitisk Institutt Noreg inngjekk 12. april 2026 avtale med Bitcoin beyond 66 om eit treårig samarbeid om arrangering av bitcoinkonferansar i Bodø. BPI stiller med arbeidskraft på eigna vis og har avtalt ei ordning med overskotsdeling som gjer at 25 pst. av eventuelle overskot tilfell BPI. Avtalen inneber ingen økonomisk nedsiderisiko for BPI.
- Styreleiar, nestleiar og generalsekretær har elles hatt lesarbrev/kronikkar på trykk i DN og Finansavisen, vore omtalt og intervjuja i E24, Minerva og

Morgenbladet og fleire gonger vore med på radioprogram på NRK
(Helgemorgen, P3).

5. Avrunding

Denne årsmeldinga er nokså detaljert og omfattande. Slik gjev teksten eit heilskapleg oversyn over aktiviteten – og aktivitetane – til Bitcoinpolitisk Institutt Noreg sidan organisasjonen vart etablert. I framtida kan det vera at årsmeldingane kan vera kortare; meir summariske. For ettertida er det like fullt eit poeng at det innleiande og organiserte arbeidet for meir kunnskap om og utvida bruk av bitcoin i Noreg er/vart utførleg dokumentert.

Oslo, 20.04.2026.

Svein Ølnes (styreleiar), Håkon Sandbakken (nestleiar) og Morten Søberg
(generalsekretær)